



Riksantikvaren v/ Eva Sætersdal Walderhaug

Dato: 14.01.2014
Dykkar ref.:
Vår ref.: 2014/1022-2

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet 2014, kapittel 1429, post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK).

Hordaland fylkeskommune viser til Dykkar orientering om stønadsmidlar til skjøtsel av arkeologiske kulturminne jf epost dagsett 18.12.2013.

Hordaland fylkeskommune vil i 2014 halda fram arbeidet med å følgja opp tiltak jamfør BARK-lista, samstundes som det parallelt vert arbeidd med ferdigstilling av større prosjekt som går over fleire år. Ettersom fylkeskommunen ynskjer å fokusera på ferdigstilling av eldre prosjekt, vert det i 2014 berre søkt om midlar til prosjekt med sterkt lokalt initiativ der det er etablert kontakt i saka. Munketrappene i Ullensvang er del av Søre Nordmannsslepa, og er eit langsiktig prosjekt med sterkt lokalt initiativ. Tiltaket er eit godt prosjekt som er viktig for å sikra dette kulturminnet slik at bruken kan halda fram. Ruskeneshellaren i Bergen er eit mindre og godt prosjekt som kan ferdigstillast i 2014, også dette prosjektet har sterkt lokalt initiativ i form av eit historielag. Skjøtsel av 2 gravhaugar på Stødleterrassen er eit prosjekt initiert av grunneigar. Med tanke på ein framtidig skjøtelsplan for Stødleterrassen er det nyttig å få betra høva til kulturminne som ligg i utkanten av området og som har trong til meir omfattande tiltak.

Me vil med dette søkja om tilskot til følgjande tiltak:

	Prosjektnamn	Samarbeidspartnarar	Søknad	Total kostnad
1	Munketrappene, Ullensvang	Hordaland fylkeskommune, lokal initiativgruppe	40.000	Min. 80.000,-
2	Ruskeneshellaren, Bergen	HFK, historielag	25.000	50.000
3	2 gravhaugar på Stødleterrassen	HFK, grunneigar	40.000	80-90.000,-
		Tilsaman	105.000,-	


1. Munketrappene, Ullensvang. Askeladden ID 108377

I skjema for tilstandsregistrering BARK overlevert Riksantikvaren i 2012 er Munketrappene med som prioritet 4 i Ullensvang, men den er ikkje registrert på eit ID-nr jamfør Askeladden. Munketrappene er ein bratt sti med mange steintrapper opp lia frå Lofthus, og er del av Søre Nordmannsslepa, Askeladden ID 108377.

Stien er den gamle fjellvegen, og her gjekk ein tidlegare med kløvhest. No er stien nytta som viktig turveg for innbyggjarar og turistar. Grunna tilstand er stien no svært lite nytta som kløvveg. Dei siste tre åra er turen «Munkatreppene opp» arrangert. Prosjektet gjeld om lag 1,5km av stien, som er det strekket med steintrapper og oppmuring.

Hausten 2013 tok ei lokal initiativgruppe kontakt med fylkeskommunen for å få innspel til eit prosjekt om å setje i stand Munketrappene. Det vart gjennomført to synfaringar der det vart klart at delar av trappene er i dårleg stand. Dette gjev utfordringar i høve til tryggleik og bruk. Den lokale initiativgruppa har sett igong eit forprosjekt for å utgreia tilstand og avklara kva som trengs av istandsetjing. Kulturminneforvaltninga er tett involvert. Skjøtselsplan vil verte utarbeidd våren 2014. Det er planlagt å gjera vegetasjonsarbeid i 2014, og steinarbeid i 2015

Det er mykje arbeid involvert med eit kulturminne med såpass lang utstrekning. Det er naudsynt å fjerna mykje vegetasjon før ein får eit klårare bilete av kva arbeid som er naudsynt å gjera i høve til murar og trapper. Synfaring med steinleggjar for å avklara kor mykje arbeid som er naudsynt og å få eit kostnadsverslag er planlagt i 2014. Totalkostnaden for rydding av vegetasjon kring løypa er vanskeleg å estimera, men det vil truleg vera snakk om fleire hundre arbeidstimar for å få fjerna vegetasjon i og kring løypa over 1,5km. Det meste av dette vil verte gjort på dugnad, men det er ynskjeleg med eit økonomisk tilskot til arbeidet for å halda oppe motivasjon og interesse for prosjektet lokalt, og for å kunne gje ei mindre påskjøning til idrettslag eller andre grupper som gjer skjøtsel. Det er planlagt ein meir omfattande søknad om midlar til skjøtsel av sjølve trappene i 2015.



Mål:

Stiar og vegfar er ein type kulturminne som må vernast gjennom bruk. Det er ein føresetnad for fortsett bruk at tilstanda til kulturminnet er på eit nivå der stien er trygg å nytta. Målet for prosjektet som heilskap er å heva tilstanden slik at stien er brukande og trygg for folk og kløvhest, men at den framleis står fram som ein autentisk ferdslveg med høg alder og ikkje eit nytt tiltak. For å sikra ein god prosess på dette skal arbeidet skje over fleire år. Målet for skjøtselen i 2014 er å gjera vegetasjonsskjøtsel i og kring stien så ein får opna siktlinjer og avdekka kor stor skade vegetasjonen har gjort på steintrapper, murar og liknande. Det skal utarbeidast ein skjøtselsplan for det vidare arbeidet. Arbeidet som vert gjort i 2014 skal danna grunnlag for vidare arbeid i 2015. På sikt er det òg mål om skilting av stien.

Kostnad:

Den totale kostnaden for prosjektet vil verte estimert i 2014 etter ei meir omfattande synfaring og dialog mellom kulturminnevernet og steinarbeidarar. Det vert no søkt om tilskot til vegetasjonsskjøtsel for eit strekke av stien som er om lag 1,5km langt. Fylkeskommunen ynskjer søkja om kr 40.000,- til dette arbeidet. Eigenfinansiering vil vera i form av dugnadsarbeid.

2. Ruskeneshellaren, Bergen – AskeladdenID 25782

Ruskeneshellaren i Bergen kommune vart fyrste gong skjøtta og tilrettelagt i 1974 av Historisk Museum og Bergen kommune. På grunn av hærverk vart skiltet som vart satt opp fjerna att i 1976. Sidan den gong har saka vore glømt og hellaren har vore nytta som stad der ein kan leggja frå seg rusk og rask. Det lokale historielaget ynskjer no å ta tak i dette området. Det er allereie gjort mindre skjøtsel i samråd med fylkeskommunen, der rusk og rask er fjerna, og ein har fjerna felte tre som låg og rotne i området. Historielaget ynskjer mest mogleg formidling av hellaren. Det er ikkje utarbeidd ein skjøtselsplan, men Hordaland fylkeskommune vil utarbeida ein skjøtselsplan for å sikra at kulturminnet vert skjøtta og ivareteke over tid.

Kulturminnet ligg innanfor reguleringsplan for Hope og Dolviken, og vil liggje ved ei større friluftsløype. I så måte er staden godt eigna til formidling. Bergen kommune er grunneigar, og dei er informert og positive til prosjektet. Prosjektet er nr 5 på prioriteringslista for Bergen i høve til BARK, men er prioritert i denne samanhengen på grunn av at prosjektet er lokalt initiert. Det er i tillegg relevant å sikra at kulturminne i nærleiken av turstiar dei står fram på ein måte som er eigna til å skapa respekt og interesse.

Det er framleis trong til mindre skjøtsel i form av fjerning av grusdungar nær kulturminnet, vegetasjonspleie, utarbeiding av skjøtselsplan og oppsetjing av skilt. Prosjektet har ein estimert kostnad på kr 50.000,-.

Mål:

Målet med skjøtselen og tilrettelegginga er å rydda opp att i dette gamle prosjektet, og gjennom skjøtsel og tilrettelegging å sikra at kulturminnet er eigna til å skapa interesse og gode haldningar for kulturminne.

Kostnad: Kostnaden til kulturminneskilt, skjøtselsplan og skjøtsel er estimert til om lag 50.000,-.

Skilt: 25.000,-. Ein vil nytta eit eksternt selskap til å skriva skilt. Det er denne summen ein søker tilskot til.
 Skjøtselsplan: 10.000,-. Skjøtselsplanen skal utarbeidast av fylkeskommunen
 Skjøtsel: 15.000,-. Skjøtselsarbeidet skal gjerast på dugnad.

3. Skjøtsel av 2 gravhaugar på Stødleterrassen, Etne - ID 90167 'Olahaugen' og 127307. (Ligg innanfor ID 150278)

Stødleterrassen i Etne er midlertidig freda, og dei aktuelle kulturminna med ID 90167 og 127307 ligg innanfor dette fredingsområdet. I høve til skjøtsel har Hordaland fylkeskommune eit mål om at ein på sikt skal få til ein samla skjøtelsplan for Stødleterrassen. I dette tilfellet søkjer me likevel om tilskot til skjøtsel av to einskilde gravminne innanfor fredingsområdet.

Olahaugen og den andre aktuelle haugen ligg 12-15m frå kvarandre i den nordvestre utkanten av det midlertidige fredingsområdet. Me ser ikkje at eit skjøtelsarbeid for desse kulturminna no vil vera til hinder for ei samla formidling av stødleterrassen på eit seinare tidspunkt, og ser heller det positive i å følgja opp initiativ og ynskjer frå grunneigarane når desse kjem.

Området der gravminna ligg er sterkt skjemma av inngrep og utstyr som er lagra her. Arealet kring kulturminna var tidlegare nytta til landbruk, men her vart grave ut ein hustomt som så ikkje vart nytta grunna at ein starta opp fredingssak for området. Denne byggegropa vart så berre liggjande. Området er no nytta til oppstillingsplass for landbruksmaskiner, og til lagring av ved, bygningsrestar, fyllmasse og liknande. Området er dels tilgrodd av kratt. Den eine av haugane, Olahaugen, er skadd av vegen som går forbi den og er dels utgraven.

Hordaland fylkeskommune har i lengre tid ynskt å få fjerna dei moderne inngrepa kring haugen og å få rydda området kring kulturminna. I siste halvdel av 2013 tok grunneigar kontakt med fylkeskommunen med eit ynskje om å få satt i gong skjøtsel av kulturminna, og tilbakeføring av arealet til jordbruksareal. Det er naudsynt å planera ut byggegrop, fjerna maskiner, vegetasjon og anna frå området, og å fylla att sår etter utgravingar, eventuelt òg stabilisera skråning. Hordaland fylkeskommune vil skriva skjøtelsplan og vera rådgjevande organ i høve til utføring av arbeidet og å sikra at området vert laga til på ein god måte. Ein vil fortløpande i løpet av prosjektet vurdera kor vidt det er naudsynt med ytterlegare tiltak for å sikra kulturminna.

Mål:

Målet er å rydda området kring kulturminna slik at det kan nyttast som landbruksareal, og så kulturminna vert sikra og kan stå fram som ein del av eit heilskapleg jordbruksområde på ein estetisk god måte.

Kostnad:

Grunneigar estimerer ein totalkostnad for prosjektet på om lag 80-90.000,-. Summen skal dekkja førebuaende planarbeid, stønad til betaling for utført tenester, og eventuell produksjon av skilt. Fylkeskommunen vil støtta prosjektet med midlar og skjøtelsplan.



Olahaugen og del av området rundt. Foto: Jostein Aksdal, Hordaland fylkeskommune

Utfylt EXCEL-skjema er sendt per epost. Merk at Munketrappene i opprinneleg BARK-liste av 2012 ikkje er ført på eit ID-nr i høve til Askeladden. Dette er retta opp i det elektroniske søknadsskjemaet.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.